

**Notat**Dato: 30.08.2016  
Arkivsak: 2014/12154-15  
Saksbehandlar: fromann

---

<b>Til:</b>	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---


**Sjukefråvær HFK 2. kvartal 2016****Samandrag**

Sjukefråværet gjekk noko ned i andre kvartal, frå 6,02 prosent i 2015 til 5,93 prosent i 2016, ein reduksjon på 1,4 prosent. Både eigenmeldt og legemeldt fråvær er redusert, eigenmeldt noko meir. Fråværet blant kvinner er stabilt, medan det gjekk noko ned blant menn.

Fråværet har gått ned i tre avdelingar (Økonomi- og organisasjon, Opplæring og Samferdsel), medan det har auka i resten av fylkeskommunen.

**Statistikkgrunnlaget**

Til grunn for dette statistikknotatet ligg data frå statistikkmodulen HR Analyse i Personalportalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med, både eigenmeldt og legemeldt. Fråvær ved barns/barnepassars sjukdom er ikkje med i denne statistikken.


**Sjukefråværsutviklinga over tid****Figur 1 Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1. kv. 2013 – 2. kv. 2016**

Fråværet i andre kvartal 2016 var på 5,93 prosent, mot 6,02 prosent i andre kvartal 2015. Dette utgjer ein reduksjon på 1,4 prosent. Kvartalstalet er noko høgare enn i 2013 og 2014.

## Kjønnsfordeling


Sjukefråværet for kvinner gjekk marginalt ned, frå 7,44 til 7,42 prosent. For menn gjekk fråværet ned frå 4,16 prosent til 3,96 prosent. Kjønnskilnaden i sjukefråværet er dermed fortsatt markant i HFK, med ca 87 prosent høgare fråvær for kvinner enn menn. I Opplæringsavdelinga er skilnaden noko mindre, ca 75 prosent. På nasjonalt nivå reknar ein med at ca. 50% av denne kjønnskilnaden skuldast svangerskapsrelatert fråvær. Statistikk for HFK viser at kjønnskilnaden er ca. 39 prosent i aldersgruppa 50+, der det ikkje ligg svangerskapsrelatert fråvær. Halvering av skilnaden gjeld altså også i HFK.

**Figur 2:** Sjukefråvær i heile HFK, fordelt på kjønn, 2. kv. 2016 samanlikna med 2. kv. 2015



## Eigenmeldt vs. legemeldt sjukefråvær

**Figur 3:** Sjukefråvær i heile HFK, eigenmeldt og legemeldt, 2. kv. 2016 samanlikna med 2. kv. 2015.



Ein ser av figur 3 at både eigenmeldt og legemeldt fråvær ganske stabilt. Prosentvis har eigenmeldt gått litt meir ned enn legemeldt, men differansane er små.

## Fordeling på avdelingane


Sjukefråværet er ulikt fordelt på avdelingane i fylkeskommunen. Ein må vere noko varsam med samanlikningar, ettersom nokre av avdelingane er forholdsvis små i tal tilsette, og dermed kan vere utsett for tilfeldige utslag i fråværsprosent.

**Figur 4: Sjukefråvær pr. avdeling i HFK, 2. kv. 2016 samanlikna med 2. kv. 2015.**

	2. kv. 2015	2. kv. 2016	Differanse	Differanse %
<b>Hordaland fylkeskommune</b>	6,02 %	5,93 %	-0,09	-1,4 %
EIGEDOMSAVDELINGA	4,79 %	7,11 %	2,31	48,2 %
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA	6,32 %	5,42 %	-0,91	-14,3 %
REGIONALAVDELINGA	2,62 %	5,90 %	3,27	124,8 %
SAMFERDSELSAVDELINGA	7,32 %	7,00 %	-0,33	-4,4 %
BYBANEN UTBYGGING	3,93 %	4,65 %	0,72	18,4 %
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA	4,89 %	8,06 %	3,17	64,9 %
TANNHELSETENESTA	5,96 %	9,54 %	3,58	60,0 %
OPPLÆRINGSAVDELINGA	6,13 %	5,44 %	-0,69	-11,2 %

Som den desidert største i tal tilsette vil Opplæringsavdelinga ha størst innverknad på det samla fråværet. I andre kvartal gjekk fråværet ned i denne avdelinga, det same gjeld Økonomi- og organisasjonsavdelinga og Samferdselsavdelinga. Desse tre kan dermed forklare nedgangen i samla fråvær, medan dei andre avdelingane bidrog i motsett lei. Særleg har Regionalavdelinga, Kultur- og idrettsavdelinga og Tannhelsetenesta og Eigedomsavdelinga hatt markante aukar.

## Stillingsgrupper

**Figur 5: Sjukefråvær i heile HFK, pr. stillingsgruppe, 2. kv. 2016 samanlikna med 2. kv. 2015.**

Det er ulike tendensar i stillingsgruppene. For kontorpersonell, reinholdarar, driftspersonell, tannhelsetilsette og skuleleiarar ser vi ein auke i sjukefråværet dette kvartalet. Reduksjon ser vi særleg for miljøarbeidarar, pedagogar og leiarar i fylkesadministrasjonen.